

«Ut på tur 2016»

I Vats: Tur til Hovda (530 m.o.h.)

Start frå Vestvoll i Blikrabygda.

Kjør 2,5 km frå Knapphus mot Ølen og ta av til høgre med skilt mot Blikrabygda. Følg vegen 4 km ned til Sørhus mot den gamle butikken til Magnus Sørhus. Her tek du vegen til venstre – sjå **TURSTI-skilt** her. Kjør om lag 300 m til du kjem til Vestvoll til P-skilt nedanfor den raude løa til Helge og Jenny Rødde

Avstand: 3 km opp til toppen av Hovda.

Tidsbruk: 1,5 – 2 t opp til toppen med vanleg gange og småpausar.

Vanskegrad: Blå tur - familietur til Frierane, men noko brattare derifrå og opp til Hovda.

Terreng: Følg litt bratt traktorveg heilt opp til Frierane – 410 m.o.h.

Opplysn.: Traktorvegen slynger seg oppover i kulturbeite og i fin bjørkeskog heilt opp til Frierane. Ved Frierane står **Friarbenken** og **info.tavle om namnet Frierane**. Her er også ein turkasse m/bok som du bør skriva deg inn i.

Stien vidare til Hovda er godt merka og skilta - nokre bratte partier, men flott panoramautsikt i alle retningar på toppen. Skriv deg inn i boka i turkassen

Fottøy: Fjellsko

Start frå Gjerdesdalen

Du kan også starta på turen til Hovda i Gjerdesdalen ved **Rv 46 -- i Nedre Vats v/ svingane hos Arve Mjølhus, Saudavegen 6686**. Der ser du **TURSTI-** skilt og skilt til P-plass 500 m lenger oppe. **NB! Parkering på eige ansvar her. Hugs båndtvang – beitande dyr.**

Avstand: Om lag 3 km opp til toppen på Hovda.

Tidsbruk: 1,5 – 2 t opp til varden.

Vanskegrad: Blå/raud tur – kan vera ein litt krevande familietur.

Terreng: Traktorveg i ope landskap opp til Frierane og deretter inn på merka tursti opp til toppen av Hovda. Enkelte bratte parti. Følg merkepinnar og skilt.

Beitande dyr frå parkeringsplassen og oppover. Hugs båndtvang.